



Notat

Dato: 23.05.2014
Arkivsak: 2014/15211-2
Saksbehandlar: lisadla

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Fylkesdirektør samferdsel

Status om innfartsparkeringsprosjektet

Innleiing

Dette notatet gjer greie for status og utvikling i tal på innfartsparkeringsplasser i Bergensområdet, samt det arbeidet som er starta opp i den arbeidsgruppa som er sett ned av samferdselsutvalet for å utarbeide ein strategi for innfartsparkering. I samband med sak om innfartsparkering i Bergensområdet 23.06.11 (119/11) gjorde fylkesutvalet slikt vedtak:

1. *Fylkesutvalet sluttar seg til ei vidareutvikling av innfartsparkeringstilbodet i Hordaland slik det er skissert i saka. Arbeidet må videreførast for å stetta eit stadig aukande behov. Dette må gjerast i tett dialog med kommunane det gjeld.*
2. *Fylkesutvalet ber Samferdselsutvalet om at det vert sett ned ei tverrpolitisk representativ gruppe som skal arbeida med ein meir offensiv strategi for innfartsparkering i Hordaland. Administrasjonen skal vera sekretariat for gruppa.*

Status og utvikling for innfartsparkering i Bergensområdet

Status for innfartsparkering i Bergensområdet

Samla sett er det i overkant av 2400 innfartsparkeringsplassar i Bergensområdet fordelt på 19 innfartsparkeringsplassar.

Berre sidan opninga av Bybanen i 2010 er det etablert mange nye innfartsparkeringsplassar langs traseen:

- Lagunen 150 plassar – av dette er det 80 nye etter opninga i 2013
- Steinsvikveien 186 plassar
- Sæterveien 26 plassar
- Skjold kirke 29 plassar
- Skjoldskiftet 56 plassar
- Nesttun 176 plassar – her vart det mykje betre tilrettelagt parkering ved opninga av Bybanen
- Birkelandsskiftet 100 plassar i dag – 280 ved opning av Bybanen (2016)

Stad	Antal bilar	Ledige plassar	Tot. ant. plassar	Merknad
Arna	383	70	453	Jernbaneverket
Knarvik vest ved rundkjøring	46	0	46	Kommunal. Plass er ikkje skilta som innfartsparkering
Knarvik ved Statens vegvesen	75	5	80	Statens vegvesen. Ikkje oppmerka plass, kan utnyttast betre ved oppmerking. Ikkje skilta som innfartsparkering.
Knarvik snøggbåtkai				Ikkje tal. Her er og sykkelparkering. Omlag 100 plassar, men utan oppmerking
Flatøy	54	15	69	Statens vegvesen
Åsane	188	0	188	
Askøy	460	5	465	Kommunal
Storavatnet	122	28	150	2 p-anlegg
Straume	132	0	132	Leige. I praksis full 07:15 - 07:30
Oasen	35		35	Talet på plassar uklart pga byggearbeid. Noko ledig kapasitet
Lagunen	59	91	150	Leige
Steinsvikveien	88	98	186	
Sæterveien	18	8	26	
Skjold kirke		29	29	Ferdig mai 2014
Skjoldskiftet	50	6	56	
Nesttun	134	42	176	Uavklart status ut over 2015
Birkelandsskiftet	38	70	108	Kommunal. Mykje framandparkering. Vert utvida til 280 plassar i 2016
Os	30	20	50	Leige
Frekhaug kai			40	
Totalt:	1912	487	2439	

Denne kartlegginga (oversikten) gjorde samferdselsavdelinga i mars 2014. Elles vert det og arbeidd med eit eige prosjekt med sykkelparkering på Frekhaug og Knarvik kai. På Knarvik kai skal det i tillegg gjennomførast reASFaltering og oppmerking.

Vidare pågår det eit arbeid i regi av Bergensprogrammet med etablering av sikker sykkelparkering i form av to mindre parkeringshus i Bergen sentrum.

På Skyss si heimeside finn ein informasjon om innfartsparkeringsordninga. På åtte av innfartsparkeringsplassane er det innført oblatkontroll. Dette er ei ordning som koplar kollektivreise tett saman med køyring til innfartsparkeringsplass. Ordninga inneber at personar med PeriodeSkyss (månadskort) kan stå gratis på desse innfartsparkeringsplassane. Plassane vert kontrollert. Dette gjeld følgjande stader: Steinsvikveien, Nesttun, Oasen, Åsane, Sæterveien, Skjoldskiftet, Laguneparken og Os.

Utvikling av innfartsparkering i Bergensområdet

I budsjettet hendsaminga i fylkestinget 10.12.13 vart det gjort følgjande vedtak om innfartsparkering:

10 millioner til pendlerparkering

FrP/H/V satser offensivt på pendlerparkering. Vi vil styrke muligheten innbyggerne i omegnksommunene og bydelene i Bergen har for å bruke kollektivtilbudet inn mot Bergen sentrum. Vi forventer en stor befolkningsvekst i Bergensregionen og dermed høy trafikkvekst i årene som kommer. Dette må vi allerede nå ta høyde for, og setter derfor av 10 mill. kr til utbygging av pendlerparkering. Midlene forutsettes brukt i spletelegg med aktuelle kommuner/private aktører.

Førebeles har fylkesrådmannen gjort ei fordeling av 5.000.000 kr. av desse midlane:

- Sunde snøggbåtkai, utviding av parkeringsplass. Fylkeskommunalt bidrag kr. 500.000
- Nasjonalt innfartsparkeringsprosjekt i regi av TØI. Hordaland fylkeskommune sin del er kr. 750.000
- Konsulentbistand, til utredning av innfartsparkering på Flatøy og Kleppestø, kr. 750.000
- Sykkelparkering og tilrettelegging på fleire kollektivknutepunkt, kr. 2.000.000
- Terminalfasilitetar på Ågotnes terminal, kr. 1.000.000

Det er generelt ei utfordring at det ikkje er planavklarte og byggbare prosjekt for innfartsparkering. I 2016 vil det bli realisert eit anlegg for innfartsparkering i Birkelandskrysset. Dette anlegget er finansiert over programområde kollektiv i Bergensprogrammet, og har ein forventa kostnad på omlag 100 mill kr, og vil ha totalt 280 plassar.

Samferdselsavdelinga har saman med Skyss utarbeidet eit notat om kollektivknutepunktet på Kleppestø som innspel til det pågående arbeidet med å utarbeide ein ny plan for området. Dette notatet tek og opp i seg innfartsparkering. Det er og utarbeid ein muligheitsstudie om nytt kollektivknutepunkt med ei utvida innfartsparkering på Flatøy i Meland kommune. I samband med planprosessane som pågår både med nytt Sotrasamband og planlegging av Bybanen mot Åsane er innfartsparkering eit tema.

Fylkeskommunen har tidlegare gjeve tilskot til grunnundersøking og innleiande arbeid med reguleringsplan for innfartsparkering i Tøsdalskiftet. Os kommune har i staden valt å gå vidare med planar for innfartsparkeringshus på Osøyro plassert oppå kollektivterminalen. Samferdselsavdelinga har saman med eigedomsseksjonen starta opp ein prosess om å få leige plassar i det nye p-anlegget på Straume.

Om arbeidet med å utarbeide strategi for innfartsparkering

Med utgangspunkt i fylkesutvalet sitt vedtak i 2011 peikte samferdselsutvalet i møte den 23.11.11 (sak 66/11) ut følgjande medlemar til arbeidsgruppa:

Gustav Bahus (FrP, leiar)

Alf Helge Greaker (V)

Eli Årdal Berland (H), (Torill Eidsheim (H) fram til sept. 2013)

Atle Kvåle (A)

Tom Skauge (SV), (Pål Kårbø (KrF) fram til juni 2012)

I tillegg til dei politiske representantane har arbeidsgruppa følgjande administrative medlemar:

Håkon Rasmussen

John Martin Jacobsen

Erlend Iversen

Inge Edvardsen

Oddmund Sylta/Vigdis Robak Bjørgo (Skyss)

Sindre Lillebø (Statens vegvesen)

Hans-Christian Engum

Den politiske arbeidsgruppa hadde fem møter i 2012, men på grunn av redusert bemanning på samferdselsavdelinga stoppa arbeidet med å utarbeide strategien for innfartsparkering opp ein periode. No er bemanningssituasjonen endra, og arbeidet starta opp att våren 2014. Det var møte i den politiske arbeidsgruppa 10. april, og det er sett opp eit nytt møte den 6. juni. Det vert lagt opp til at arbeidet med strategidokumentet vert ferdigstilt i løpet av hausten, men endeleg vedtak i fylkestinget i mars 2015. Milepælsplanen for arbeidet kjem fram sist i dette notatet.

I arbeidet med utarbeiding av strategi er det tett dialog med Skyss og planseksjonen i fylkeskommunen, jf Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

I samband med ny oppstart av arbeidet vart det inngått eit samarbeid med TØI og Transnova. Transnova-prosjekt vert gjort i regi av TØI, og utgangspunktet er spørsmål knytt til optimalisering av innfartsparkering som klimatiltak. Med andre ord ei kartlegging av reduksjon i klimagassutslepp/miljøeffekten av innfartsparkering. Prosjektet inneheld ei rekke moment som er relevant for arbeidet med innfartsparkeringsstrategien i Hordaland.

Transnovaprojektet skal for det første omtale og typologisere ulike typar innfartsparkering for bil og sykkel, ved hjelp av faktorar som:

- a) Lokalisering, arealbruk og funksjon
- b) Kollektivtilbod *til* og *frå* innfartsparkeringa
- c) Talet på plassar
- d) Gangavstand til kollektiv-/ servicetilbod
- e) Etterspurnad vs. faktisk bruk
- f) Køsituasjon mellom innfartsparkeringsplassen og bysentrum
- g) Influensområde til innfartsparkeringsplassen

I dette prosjektet inngår ei kartlegging av innfartsparkeringsplassane, men ikkje berre i antal bilar, men og kven som er brukarane av plassane. Dette inneber mellom anna ei spørjeundersøking mellom brukarane der dei mellom anna svarer på bustad, kollektivtilbodet til og frå staden, og kor ofte dei nytta plassen. Vidare inneber prosjektet ei vurdering av ulike innfartsparkeringsplassar sitt potensial for å redusere utslepp av klimagassar, samt undersøke organisering og planlegging av innfartsparkering gjennom kartlegging av initiativ og kva målsetjingar som nye plassar er meint til å bidra til å nå.

Aktivitetar i prosjektet:

I samband med det arbeidet som no er i gang skal det arrangerast ei fagseminar om innfartsparkering i Bergen i september. Seminaret er meint å vere eit oppspel til utforminga av strategien for innfartsparkering i Hordaland. På dette seminaret vil og resultata av kartlegginga av dei ulike innfartsparkeringsplassane verte presentert. Forslag til program er vist under:

Program for fagseminar 16. sept. 2014

«STRATEGI FOR INNFARTSPARKERING I HORDALAND»

Møteleiar: Fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen

10.00 **Velkommen**

v/ ... , fylkesordførar i Hordaland/ fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen
• Erfaring med innfartsparkering i Hordaland

10.15 **Innfartsparkering for bil og sykkel**

v/ forskar Jan U. Hanssen, TØI
• Innfartsparkering for bil og sykkel – gode eksempler

11.00 **Korleis legg vi til rette for å vere kollektivreisande med bil..?**

v/ direktør Oddmund Sylta, Skyss
• Om full utnytting av stamlinjesystemet

v/ spesialrådgjevar Hans-Christian Engum, Hordaland fylkeskommune
• Utdrag fra Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

12.00 Lunsj

12.45 **Presentasjon av strategiar for innfartsparkering i Akershus og Buskerud**

v/ ass. fylkesdirektør ved samferdsel og transport Thomas Tvedt, Akershus fylkeskommune
• Ansvarsdeling for investeringar og drift - Akershus

... v/ utviklingssjef Kari Ovesen Haugland, Brakar

- Geografiske utfordringar og omsyn

13.45 Pause

Presentasjon av foreløpige resultat av kartlegginga

14.00 Forslag til strategiske grep og ansvarsfordeling
v/ rådgiver NN, TØI
• Strategiar for utvikling av innfartsparkering

Vegen frametter – Paneldiskusjon

14.30

- Kva for hovudpunkt set vi att med etter dagens innlegg?
- Kva er dei største hindringane for bygging av meir innfartsparkering?

15.00 Oppsummering – vidare arbeid

